



Møteprotokoll

Utval: Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Svelgen omsorgssenter, storstova
Dato: 24.02.2026
Tid: Kl. 10:00 - 13:00

Følgjande medlem møtte

Ivar Qvale Hauge
Kirsten Signy Havnen
Maja Vedvik
Anne Kristin Førde
Frank Midtbø

Parti

AP
AP

Forfall meldt frå følgjande medl.

Evy Merete Myklebust

Parti

V

Følgjande varamedlem møtte

Norvall Klungresæter

Parti

SV

U

Underskrifter:

_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/26	Godkjenning av møteprotokoll
003/26	Referatsaker
004/26	Drøftingssak
005/26	Orienteringssaker
006/26	Årsmelding for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2025
007/26	Gjennomgang av saklista til Kommunestyret
008/26	Gjennomgang av pågående saker

001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 24.02.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.02.2026:

Handsaming:

RMNF- 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 24.02.26 vert godkjende slik dei låg føre.

002/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 16.12.25 vart godkjend og skriven under slik den ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.02.2026:

Handsaming:

RMNF- 002/26 Vedtak:

Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 16.12.25 vart godkjend og skriven under slik den låg føre.

003/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.02.2026:

Handsaming:

RMNF- 003/26 Vedtak:

Ingen referatsaker kom til.

004/26: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Drøftingssaker vert tekne til vitande.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.02.2026:

Handsaming:

1. Beredskap og evakueringsløyisingar

Den generelle beredskapen gjeld òg for storulykkessaker, og for alle innbyggjarar i kommunen.

Sekretær svarar ut dette brevet.

2. Svelgen legekontor

Det er ikkje lenger mogeleg å køyre inn under baldakin på legekontorer i Svelgen. Det er ønske om å få laga til ein skrå asfaltkant, slik at det er mogeleg å køyre inn bilar, og få folk tørrskodd inn og ut av rulletol før dei skal inn.

Eldrerådet arbeider med same saka.

3. Gravplassane - oppgradere gangveggar på gravplassane

Det bør vere grusa stiar på gravplassane i Bremanger kommune. Det er vanskeleg å fote seg der, spesielt når det er vått. For dei som har nedsett funksjonsevne, og treng krykker eller rullestol, så er det nær umogeleg.

Ønskjer å sende eit skriv til Bremanger kyrkjelege fellesråd, slik at det kan verte teke tak i. Vi ber dei sende skriv til kommunen, som kan starte handsaming av dette.

RMNF- 004/26 Vedtak:

Drøftingssaker vert tekne til vitande.

005/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.02.2026:

Handsaming:

- Leiar hadde ingen orientering.
- Rådet har fått meldt inn sak om at det er ulik praksis ved permisjon for opphald på behandlingsopphald, eksempelvis Beitostølen.

På fleire av opphalda er det slik at dei som skal på opphald, vert det oppmoda om at

elevane har med seg opplegg frå skulen sin, og kan få hjelp med dei som er der. På Beitostølen hadde dei reagert, då det kun var eleven frå Bremanger kommune som vart utskriven frå skulen.

Det har vore liknande opphald tidlegare, der har andre elevar ikkje verte utskrivne for same type opphald.

Kommunalsjef for oppvekst, Gro Abildsnes, orienterte om korleis reglement og praksis er for Bremanger kommune.

Ved slike opphald skal eleven verte utskriven frå skulen. Det er fordi at skulen ikkje skal ha opplæringsansvar når eleven ikkje er til stades. Det vill og gjere til at eleven ikkje mister rett til permisjon seinare på året.

Dette reglementet trådde i kraft den 01.01.2025. Det er grunnen til at det var ulik behandling, eit tilfelle var i 2024, eit var i 2025.

RMNF- 005/26 Vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

006/26: Årsmelding for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjend slik den ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.02.2026:

Handsaming:

Årsmeldinga vart gjennomgått på møte.

RMNF- 006/26 Vedtak:

Årsmeldinga vart godkjend slik den låg føre.

007/26: Gjennomgang av saklista til Kommunestyret

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.02.2026:

Handsaming:

RMNF- 007/26 Vedtak:

Ingen merknad til nokon av sakene.

008/26: Gjennomgang av pågåande saker

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.02.2026:

Handsaming:

Gjennomgang av saker som er pågåande.

1. Trappeheis ved Bremangerhallen har vore ute av drift over lang tid. Status på reparaasjon?
 2. HC-parkering ved Svelgen omsorgssenter. Er den stor nok ifht lovkrava?
 3. Praksis ved permisjon utan løn ved opphald på treningssenter/rehabiliteringssenter.
- Sekretær sender påminning til Even Gjerde om punkt 1 og 2.

RMNF- 008/26 Vedtak:

Rådet arbeider vidare med sakene.